



Halstein Hopland
Sagstadvegen 111
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1884 - 18/14733

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
29.06.2018

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbnr 18/34

Saka gjeld

Meland kommune har 09.10.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om at septiktanken på egedommen gnr. 18, bnr. 34 manglar dykk i utløp, samt har lågt nivå.

Den 06.07.2015 fekk Meland kommune melding om lekkasje frå septiktanken på egedommen. Frist for utbetring vart satt til seinast neste tømning, som var i 2017. Kommunen har ikkje motteke tilbakemelding frå deg. Vi går derfor ut frå at du ikkje har utbeta lekkasjen og at dette er årsaka til lågt nivå i tanken no.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Dersom utløpet manglar dykk, vil slam og forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter, med stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld reinsekrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

Lågt nivå i tanken tyder på at det fortsatt er lekkasje frå tanken på egedommen din. Ved lekkasje frå septiktank renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege former.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 03.09.2018**:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Retting må skje ved at ny dykk i utløpet blir ettermontert og tanken blir utbetra. For å montere ny dykk og utbetre tanken kan du kontakte eit godkjent røyrleggjarføretak eller føretak som har ansvar for tømning av tanken din. Ved lekkasje kan det vere nødvendig med ein større reoperasjon eller endring. Vesentleg reoperasjon eller endring av avløpsanlegg er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak med krav om ansvarleg føretak etter plan- og bygningsloven §§ 20-1 og 20-3. Dersom du er usikker på om utbetringa/reoperasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak kan du ta kontakt med Meland kommune. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når ny dykk er montert og tanken er utbetra.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg deg å montere ny dykk og utbetre tanken i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 03.09.2018**.

Tilbakemelding

Når septiktanken er reparert, må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding

Mottakere:
Halstein Hopland

Sagstadvegen 111 5918

FREKHAUG